

Referat styremøte 01/2013

Møre & Romsdal Gjeterhundlag - MRGL

Møtet fann stad den 18.11.2013 i lokala til MIX på Sjøholt.

Følgjande møtte:

- ✓ Odd Bjarne Bjørdal
- ✓ Vidar Sunde
- ✓ Nils Edmund Stråmyr

SAKER:

SAK 01; Framlegg til medlem i gjetarhundrådet.

Frå NSG har styret motteke brev av 5. november 2013 angående ny struktur på gjetarhundrådet og dommarordninga.

Vedtak:

Som representant til gjetarhundrådet frå vår region har vi framlegg på Odd Bjarne Bjørdal.

Det er frist til den 01.01.14 å sende inn framlegget

SAK 02; Dommarkontakt.

NSG vil og ha framlegg til representant til domarrådet frå vår region innan den 1.januar 2014.

Vedtak:

Representant til dommarrådet frå vår region vert fremja **Atle Arnesen**.

SAK 03 Leiar i gjetarhundrådet.

Vedtak:

MRGL vil fremje framlegg om at noverande leiar i gjetarhundrådet Oddbjørn Kaasa skal halde fram. Vi ser det som viktig at det er kontinuitet i arbeidet i rådet.

Sak 04; Nasjonalitet i høve til start på NM og landslagsdeltaking.

MRGL meiner at for å kunne starte i NM, bli norsk mester og vere på det norske landslaget, må ein vere norsk statsborgar. Som arrangør av NM 2014 er det ikkje ønskjeleg å kome i ein situasjon der ein må utrope ein norsk meister som ikkje har vunne NM. MRGL ber om at gjetarhundrådet og NSG tek tak i saka og fattar eit vedtak i god tid før neste års prøvesesong .

SAK 05; Oppsummering av året 2013.

Gjetarhundåret i Møre og Romsdal har vore positivt som heilheit og fem hundar til NM i tillegg til ein hund til arrangør må vi seie oss nøgd med.

SAK 06; Brev frå MMG

Frå MMG har det kome reaksjonar på at ISG har halde kurs og prøver på midtre Møre, og at dette har skapt problem for deltakinga på MMG sine arrangement.

Vedtak: MRGL vil gå inn for at det blir søkt å finne løysingar i felleskap, og sender saka vidare til årsmøtet i MRGL.

SAK 07; Årsmøte 2013

Styret planla for å førebu årsmøtet 2013.

Syner og til vedtekter for Møre og Romsdal Gjeterhundlag på:

www.mrgl.no/Vedtekter_MRGL.html

Vedtak: MRGL skal ha sitt årsmøte på Systra kafe, Sjøholt laurdag den 08.02.2012 kl 11.00. Innkalling med sakliste, årsmelding, rekneskap, framlegg til arbeidsplan og budsjett, godtgjersle til tillitsvalde samt valnemnda si tilråding skal vere medlemmane i hende seinast 10 dagar før årsmøtet. Saker som medlemmane ynskjer handsama på årsmøtet må vere styret i hende innan 20. januar. Lokallaga sine mellombelse aktivitetsplanar må og sendast styret i MRGL innan 20. januar slik at desse kan kome med i framlegget til arbeidsplan på årsmøtet. Valnemnda ved leiar skal og kontaktast slik at dei får starte på sitt arbeid. I valnemnda er Bente Bonsaksen (leiar), Hilmar Kleppe, Merethe Hellevik og Jens Terje Tenfjord. Styret i MRGL vil og ta opp igjen saka om fylkesmeisteren skal vere direkte kvalifisert til NM.

SAK 08; NM I BRUK AV GJETERHUND 10.10. - 12.10.2014.

Styret diskuterte planlegginga vidare. Vi må sjå kva vi får slags evaluering frå Hordaland. Vi må og få ut eit skriv til sponsorar seinast tidleg i neste månad.

Vedtak:

Det må utarbeidast eit skriv til mulege sponsorar, og dette må ut til dei snarast.

Styremøtet blei etter dette avslutta kl. 20.00

Sjøholt, 18.11.2013

Odd Bjarne Bjørndal, Vidar Sunde, Nils Edmund Stråmyr
